



Tingvoll, 22.1.2026

NVE
nve@nve.no

Fråsegn – Høyring av søknad om konsesjon og ekspropriasjon – opprusting og utviding av Aura kraftverk i Sunndal kommune i Møre og Romsdal

Dykkar ref. «Høringsuttalelse», saksnummer 202511633. Naturvernforbundet har fått utsett frist til 23.1.2026.

Dette er ei sak der hovudspørsmålet i teorien er om det skal byggast eit kjempestort kraftverk. Det er mange år sidan det blei gjeve løyve til å bygge eit kraftverk med dei verknadene Aura II har. Aursjødammen ville aldri ha blitt bygd om avgjerda blei gjort i dag. Aura II er berre mogleg fordi sentrale element alt er bygd, og det let seg ikkje gjere å reversere inngrepa.

Handlingsrommet er altså innanfor konsesjonen for det anlegget som finst i dag. Det einaste nye momentet må vere auka tilsig som følgje av nedbørsauke sidan anlegget fekk konsesjon. Desse prosentane meiner vi skal brukast til å rette opp feil som blei gjort då Aura I fekk konsesjon, så langt råd. Det er naturleg å tenkje seg at auka vassmengde frå auka nedbør blir nytta til å løyse problem med manglande minstevassføringa i Eikesdal. Dette kjem vi tilbake til.

Vi er inne i FN sitt tiår for restaurering av natur. Viss ikkje naturrestaurering er aktuelle i denne saka, så finst vel ikkje noko vasskraftprosjekt som er aktuelt.

Straum er nyttig å ha. Kor mykje straum treng vi, vi som lever i eit av landa i verda som brukar mest straum? Vi kan bestemme at no er det nok. Eller vi kan gje etter for lystene våre å seie at vi må ha litt til. I siste høve er det tale om litt til og litt til og det blir aldri slutt på litt til.

Aura II er innretta slik at ein kan auke anna straumproduksjon. Altså av typen litt meir og endå litt meir, og vi har alltid noko å bruke meir straum til.

Realiteten er at det er ein diskusjon om kva vilkår som skal bli sett for at Statkraft skal få bygge sitt nye anlegg til erstatning for det kraftverket som har gjort nytta si ein kraftverksalder. Det er viktig for Naturvernforbundet at gamle feil som har vore der i 75 år ikkje skal få fornya levetid i ein ny slik periode.

Slike døme på feil skal vi nemne no, og vi kjem tilbake til ein del av dei.

- Aursjøen blei samanhengande basseng som hindrar reinen å gå over i delar av året
- Is påverka av regulering på Aursjøen er hindring for reintrekk

- Reinen sin bruk av Torbudalen etter at veg og hytter kom er sterkt endra
- Torbuhalsen som tilgjengeleg for rein er endra
- Laksen og andre skapningar manglar vatn i Eira
- Framande artar er sleppt laus langs Aursjøvegen

Statkraft har fremma denne saka som ein O/U-søknad som fører til at det ikkje er plikt å kome med melding som grunnlag for konsekvensutgreiingsprogram, har vi fått forklart. På orienteringsmøtet 27.11.2025 var det stadig snakk om detaljplan. Vi får ei kjensle av at Statkraft i denne saka prøver å gjere vegen kortast mogleg frå at det ikkje finst nokon sak til at utbygginga er i gang. Når det er tale om å bygge ein ny kraftstasjon som blir den fjerde største i Noreg, så meiner vi at det skal vere grundige prosessar med fullt innsyn utan forsøk på snarvegar. Det er ikkje nok at utbyggjar har rekna på det rimelegaste alternativet. Det er nødvendig å greie ut fleire alternativ ut frå at det er andre omsyn enn lønsemd som skal vere utgangspunkt, slik at ein kan samanlikne dei og velje dei beste, ikkje berre dei mest lønsame.

Det skal ha vore ein slags orienteringsfase i perioden 21.5. -10.7.2024. Opplistinga over dei som har sagt noko viser ein nærast total mangel av friviljuge organisasjonar. Dei som har sagt noko har offentlege roller eller er grunneigarar. Naturvernforbundet har lenge høyrte om at det er eit prosjekt på gang. Vi har høyrte om at det har vore møter, men det har vore møter med dei som Statkraft har vald å møte. Dessutan har det vore berre vagt om prosessen og prosjektet, slik at det har vore vanskeleg å konsentrere innsats rundt dei områda som ville vere sentrale. Det er slike moment som er viktige for organisasjonar basert på dugnad og små økonomiske musklar, i alle fall samanlikna med Statkraft.

Når ein kjem med ei konsekvensutgreiing omtrent det første ein gjer, så må det vere slik at Statkraft ikkje kan rekne med at det som skal greiast ut er på plass. Då må det vere dess større rom for at heilt nye tema skal greiast ut.

Når mange talar om villrein, talar vi om rein. Den reinen som ikkje er vill er tamrein, og den blir ikkje omtala i denne saka, sidan det ikkje er tamrein i det aktuelle området.

Vi meiner ein kan dele opp denne saka i fleire tema

1. Påverking av rein
2. Gaudalen
3. Eikesdalen
4. Torbudalen
5. Påverking av Sunndalsfjorden
6. Indirekte verknad – behov for nye kraftliner

Rein


Snøhettareinen er negativt påverka av mange grunnar. Det er alminneleg oppfatta at ein må gjere noko, slik at reinen på nytt kan styrke seg og bli robust. Snøhettareinen er den reinstammen som genetisk har minst tamrein i seg, noko som gjer det spesielt viktig å ta vare på han.

Når ein ser kartet for kalving og oppvekst, så ser ein at langs vegen frå Aursjøhytta til ein kjem til Osbudammen er det hytter. I nordenden av Torbudalen er det aktivitet kring kraftanlegget no, og endå meir kan det bli.

Så kan ein skilje ut Reinsvatnet som blir påverka av turistforeningshytta, med stiar til og frå.

Då har ein dekt heile austre delen frå sør til nord med aktivitet som påverkar reinen negativt.

*Illustrasjon frå
konsekvensutgreiinga.*



Reinen blir påverka av Auraanlegget slik det er no. Aursjøen og Aursjøvegen i seg sjølv er inngrep. Kraftliner er inngrep. Biltrafikk og folk som oppheld seg i ein del område påverkar reinen. Tidlegare var det rein også i Torbudalen. Dette er alle verknader som ein no må gjere noko med, slik at verknadene blir mindre. Dette er ikkje grunnar aleine til å forklare tilstanden for reinen i området. Det gjeld for driftsfasen. I tillegg må ein ta ekstra omsyn i anleggsfasen. Når anleggstida er fullført, må desse spørsmåla vere løyst varig.

Rein blir nemnt spesielt, men det er venteleg ein del andre artar som ikkje er glade i nære naboar som også vil få det betre om reinen får det betre.

Ein lang, samanhengande Aursjøen har nok ein del verknad på reintrekket, men er ikkje så lett å gjere mykje med. Difor er det dess viktigare å få gjort noko med andre påvergingsårsakar.

Eit kraftverk med mykje større slukeevne enn før innbyr til raskare endringar i vasstanden også i Aursjøen. Korleis det slår ut i reguleringssona må vere klarlagt så godt som mogleg. Korleis isen på vatnet vil oppføre seg er ei anna side av dette. Viss konklusjonen er at reguleringspåverka is gjer det vanskeleg for reinen å krysse vatnet, er andre omsyn dess viktigare. I klartekst er då Aursjøvegen og hyttene i Torbudalen og ved Aursjøen igjen som store påverkningsfaktorar.

Før utbygginga av Aura I var Torbudalen og Aursjøen eit område som var vanskeleg tilgjengeleg. Det var langt og lenge når ein skulle ferdast frå nede i dalen eller frå Lesja til Torbudalen. Dei som bruka

områda hadde stort sett noko der å gjere, og visste vel også ein del om korleis dei påverka området. Med vegen har dette endra seg. I konsekvensutgreiinga no må ein greie ut korleis bruk og ferdsel ved Aursjøen og i Torbudalen har vore, er og kjem til å bli.

Helst skulle ein i verktøykassa ha moglegheit for å stenge eit område for menneskeleg ferdsel. Sidan det er eit tiltak som er vanskeleg å heimle, må ein bruke andre verkemiddel som er enklare å gjennomføre.

I anleggstida vil det vere meir folk og fleire maskinar i fjellet enn det som er vanleg. Det må kompensera så langt det let seg gjere med at folk som er der no finn andre stader å opphalde seg i åra som kjem.

Aursjøvegen

Aursjøvegen er privat. Det må vere mogleg å stenge vegen heilt eller delvis. Vidare må det vere mogleg å la vere å brøyte vegen.

Redusert bruk av Aursjøvegen er heilt klart eit tema der ulike løysingar kan gje ulike resultat når det gjeld påverking av rein. Dette er spørsmål som må utgreiast nærare, slik at ein kan velje tiltak som det sannsynlegvis er hjelp i.

Reinen har det ikkje bra slik det er no. I anleggstida kan reinen få det verre enn no. Det tyder at ein må finne tiltak som kan setjast inn på førehand for at reinen skal få ei forbetring på førehand som han kan møte byggeperioden med.

Sidan Statkraft er varsame med å antyde noko som helst om nødvendige tiltak, skal Naturvernforbundet seie dette i klartekst.

- Vegen skal vere fysisk stengt.

- Hyttene mellom Aursjøhytta og Osbudammen må stengast i delar av året. Statkraft kan t.d. leige desse hyttene frå 1.11. til 1.7. for god pris, utan å bruke dei i dei aktuelle åra. Om det ikkje er råd å bli samde med hytteeigarane, så får ein nytte ekspropriasjon av leigeretten for desse åra.

Reinsvassbu

Turistforeiningshytta Reinsvassbu ligg dårleg til med omsyn til rein. Vi antar at DNT Romsdal kan vere innstilt på å kome til ei ordning. Vi foreslår at Statkraft tilbyr flytting eller erstatning for hytta, slik at hytta og merka stiar kan fjernast i dei områda som er viktige for reinen.

Aursjøhytta kan vurderast på same måten.

Gaudalen – område med lite inngrep frå før

Sunndal kommune har mykje fjell, mykje verna fjell også. Men ikkje så mykje areal som er utan inngrep, mellom anna i den tydinga som reinen kan ha bruk for. Statkraft har tatt i bruk store naturressursar i Sunndal. Dei kan ikkje rekne med å få tilgang til endå meir. Når dei no legg fram eitt alternativ med inngrep i Gaudalen, som nødvendig og einaste løysing av økonomiske grunnar, viser Statkraft dårleg gangsyn.

I denne saka må Statkraft med si aller snillaste stemme spørje pent om dei kan få lov. Svaret er klinkande klart frå reinen og Gaudalen si side: De får halde dykk unna. De har allereie fått nok som det er. Indre delar av Gaudalen er dessutan ein del av Eikesdalsvatnetv landskapsvernområde.

Det er følgeleg nødvendig å legge på bordet tekniske løysingar der Gaudalen ikkje får inngrep, verken tverrslag, deponi eller mellombels veg. Verdien av Gaudalen som urørt er minst ein milliard kroner, så det bør vere fleire løysingar som er betre enn det som er lagt fram, også når ein reknar i pengar.

Å bygge ein mellombels veg frå øvste dammen i Gaudalen for så å fjerne denne seinare, blir ikkje noko lite inngrep. Steintippar i området vil også vere eit uromoment i lang tid. At det er byggeverksemd i området over lengre tid er ugreitt når så mykje anna også blir uroa.

Naturvernforbundet meiner at dette prosjektet ikkje kan gjennomførast med anlegg og verksemd i dagen i Gaudalen.

Frå Aura Avis:

Øystein Folden stilte spørsmål om Gaudalen, og sa at dersom det ikke kommer klare svar med alternativ til anleggsvei for å frakte utstyr, vil Naturvernforbundet ta affære.

- Det høres ut som det er helt nødvendig å bygge vei og tipping av masser på Gaudalen. Det er viktig å få alternativene på bordet, hvis ikke vil jeg gjøre alt jeg kan for å hindre at verdifull natur bygges ned, sa Folden.

- Vi har vurdert flere alternativer, men har valgt å gå for løsning med vei. Andre alternativer er verre med lenger byggetid, HMS og andre forhold, svarte Are Paulsen.

Det som blei sagt på møtet, presentert av Aura Avis ovanfor, er alvorleg meint.

Dei indre delane av Gaudalen er ganske urørte samanlikna med resten av Sunndal. 70% av verneområdet Trollheimen er t.d. påverka av vasskraftutbygging. Dei verna delane av vassdraga Ålvunda og Driva er påverka på mange andre vis enn av kraftutbygging. Dermed står indre delar av Gaudalen igjen med særleg stor verdi.

At reinen kan bruke areala inn mot Gaudalen er også vesentleg. For reinen er sjølv mindre element av negativ påverking alvorleg.

Eikesdalen

Vi har registrert at spørsmål om slepp av vatn til Eikesdalen blir tatt opp. Den auka i nedbørsmengde for nedslagsfeltet til Aursjøen som har vore sidan Aura fekk konsesjon, bør etter vårt syn overførast til Aura/Eira.

Auka overføring av vatn frå Eikesdalen til Sunndalen som følgje av auka slukeevne og mindre overlap er å auke inngrepa i Eikesdalen og er ikkje aktuelt.

Overføring av vatn frå Gudbrandsdalslågen sitt nedbørsfelt er uaktuelt som løysing.

Torbudalen

Påverkinga av rein i områda mellom Aursjøen og Torbudalen reknar vi som eit svært stort problem. Her er det nødvendig å gjere dei tiltaka som er mogleg.

Det må vere stengt for ferdsel og verksemd i dess større grad i dei periodane det ikkje er byggeverksemd. Vil Statkraft ha tilgang til desse områda, er dei nøydde til å kompensere. Einaste kompensasjon som kan hjelpe litt er stenging av ein del hytter ved Aursjøen og i Torbudalen, og redusert bruk av dei fleste hyttene til 1.7.-1.11.

Statkraft får betale hytteeigarane godt for nokre månader mindre på hytta. Aursjøvegen skal ikkje brøytast. Det skal ikkje vere vanleg jakt på rein desse åra. Ved å prøve ut slike tiltak, kan det vere det er mogleg å finne ut om tiltak har verknad med tanke på seinare reguleringar med omsyn til reinen.

Det blei nemnt på møtet i Sunndal i haust at masser som blir tilgjengelege frå tunnelsystemet ved Osbu kan nyttast til å redesigne området slik at passasje for reintrekk på noko sikt kan reetablerast. Dette må ein få vurdert nærare, som kompensasjon for andre tiltak. Utbetring av dammen ved Reinsvatnet er eit anna punkt der samordning av arbeid kan redusere inngrep.

Bekkeinntak

Vi skjønar at søkjar gjerne vil ha med seg mest mogleg av det som kan takast inn i bekkeinntak. Bekkeinntaka har alt no ført til eit landskap med mindre vatn enn naturleg, og verknaden vil bli ytterlegare forsterka. Det er endring i feil retning. Landskapet treng dette vatnet. Det er ikkje om å gjere å drikke opp alt vatn som finst i området.

Endring av marint liv i fjorden

Naturen er innretta på at store mengde ferskvatn går i fjorden på våren og forsommaren. Det er omrøring av vassmassar som delvis er temperaturregulerte, dels av saltinnhald. Næringstilgangen blir påverka. Livet i fjorden er innretta på dette. Med auka slukeevne kan ein rekne ut at det vil bli sleppt meir ferskvatn på vinteren i framtida. Ved utslepp av ferskvatn på litt djupne, vil ein få rørsler oppover i vassøyla, noko som gjer at vill fisk døyr når dei blir ein del av dette. Korleis straumen påverkar t.d. ureingane på Raudsand er eit alvorleg tema. Blir ureina vassmassar dratt innover i fjorden og påverkar sjøvassinntak for NOFIMA, har ein endå større problem.

Is i fjorden er også eit tema. Vil det bli meir eller mindre av den, og kva vil det ha å seie?

Med planar om auka slukeevne også for Driva kraftverk, kan det bli store endringar på marint liv i fjorden og truleg heile fjordsystemet langt utover. Kor langt er også eit spørsmål som må klarast opp i.

Vi har sett rapportar om dette temaet, men her er mykje uvisst. Rapportane blir vedlagt, sidan det er for mykje for oss å bearbeide no.

Naturvernforbundet meiner det er nødvendig å vurdere dette temaet i mykje større grad enn det er gjort til no, mellom anna i form av modelleringar av verknader.

Behov for andre typar kraftanlegg

Sjølv med noko auke av straumproduksjon i Aura og meir i Driva, så vil Hydro bruke mykje meir enn det som blir produsert. Det tyder at effektauka får verknad mykje lenger bort enn eit stykkje uti Sunndalsfjorden. Den krafta Hydro har bruk for finst t.d. på Smøla og tilsvarande. Det tyder at utbygginga av effekt har som føresetnad at det blir bygd fleire kraftliner mellom Sunndal og stader med betydelege mengde av ustabil kraft. Det er mogleg at ein då må bygge fleire kraftliner for å ha reserve ved vedlikehald og utfall. Når ein ser på inngrepa i Aura som forhaldsvis små, så har ein ikkje tatt med at dette løyser ut behov for både kraftliner og kraftproduksjon over eit større område.

Det høyrast elles ut som Statnett har planar om fleire kraftliner til området. Verknaden av desse må og takast med når prosjektet skal vurderast. Det høyrdest ut på møtet i haust at Aura ikkje hadde tid til å

vente på dette. Det kan ikkje bli noko Aura II viss ein ikkje har tid til å vente på slike store påverkningsfaktorar.

Ønsket om mykje større effekt fører til ein del store utfordringar som ein kan unngå om ein vel å oppretthalde årsproduksjonen utan å auke effekten så mykje.

Framande artar

Naturvernforbundet gjennomførte ei undersøking av spreiding av framande artar langs Aursjøvegen i 2017. Vi fann ein del artar knytt til hyttene og vegar til desse. Vi fann omtrent ingenting som kunne ha opphav i bilturisme. Vi fann ein del knytt til kraftanlegga, delvis der det var tatt ut massar, men ikkje minst på delvis restaurerte område som tippar. Entreprenørar, gravemaskinar og lastebilar såg ut til å vere dei som har størst evne til å spreie framande artar. At spreiding av artar har ein kostnad kom fram då vi fekk høyre at ein allergikar har bruka Torbudalen-Aursjøen som evakueringsplass når det er for ille nede i bygda. Dette er ikkje argument i seg sjølv mot ei kraftutbygging, men meir at slike inngrep må gjerast på ein skikkeleg måte, slik at ein ikkje får ein «nisse med på lasset» fordi det går fort i svingane.

Innspelsperiode

Høyringsperioden er i ei årstid med vinter i fjellet. Det er mykje mogleg at vi kjem til å gjere undersøkingar knytt til ein del spørsmål når det blir berrmark og etter at reinen har gjort seg ferdig med bruk av området. Viss det kjem seint for prosessen, så vil vi gjere merksam på at det kunne ha vore gjort sist sommar vis Statkraft hadde vore litt meir viljug til å fortelje kva dei heldt på med.

Konklusjon

Dei store inngrepa er gjort i samband med Aura I. Det er no tida for å rette opp feil frå det prosjektet før ein kan gje løyve til Aura II. Omsynet til rein og laks legg vesentlege føringar for korleis Aura II kan utførast. Plan og konsekvensutgreiing som er presentert er ikkje tilstrekkeleg til å kunne godkjenne eit nytt prosjekt. Det er særleg omsyn til verknad på marint miljø, Gaudalen som må passerast inngrepsfritt, påverkinga av reinen i Torbudalen og ved Aursjøen og overføring av vatn til Eikesdalen som må utgreiast meir. Verknaden av auka effekt er ein sentral del av dette. Vidare må ein greie ut behovet for nye kraftliner.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Vedlegg

4 rapportar om marine system:

Kaartvedt 1984 Fisken og Havet - Effekt av vannkraftregulering

Kaartvedt and Svendsen 1995 JPR - Effect of hydroelectric freshwater discharge

Lie et al 1992 Ula Førre

Opdal et al 2013 UniResearch - Sognefjordenen kunnskapsstatus

1 rapport om framandartar langs Aursjøvegen:

Folden, Ø. 2017. Svartelistartar og framande artar langs Aursjøvegen i Møre og Romsdal